

05a

FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

5 MAI 1995

Å R S M E L D I N G 1 9 8 9



FISKERIRETTLEIAREN I HARAM, SKODJE, ØRSKOG OG VESTNES

F O R O R D

I fylgje lov om rettleiingstenesten i fiskerinøringa, og paragraf 10 i instruks for fiskerirettleiare, skal fiskerirettleiaren utarbeide årsmelding med oversikt over dei ulike gjeremål ved fiskerikontoret det føregåande år.

Årsmeldinga skal gi eit anvendelig bilde av utviklinga innan distriktets fiskerinøring i beretningsåret. Den representerer som sådan eit viktig hjelpemiddel i sakshandsaminga for fiskerinemnda og fiskerirettleiar, og venteleg også for kommunepolitikere i deira arbeid med næringsverksemd.

Årsmeldinga er utarbeidd av underskrivne fiskerirettleiar, og den er i tråd med Fiskeridirektoratets opplegg for "standardisering av årsmeldingar for fiskerirettleiare".

Brattvåg, juni 1990



Olav Flaa

I N N H A L D S L I S T E

1.	RETTLIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON	Side
1.1.	Fiskerikontoret	3
1.2.	Personalet	3
1.3.	Korrespondanse	3
1.4.	Rettleiing og informasjon	4
1.5.	Møteverksemd/ viktige prosjekter	4
1.6.	Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteer	5
1.7.	Fiskerinemnder	6
1.8.	Møteverksemd i fiskerinemndene	7
2.	SYSSELSETTINGA I FISKERINØRINGA	
2.1.	Sysseletsetting i fisket	8
2.2.	Sysseletsetting i foredlingsleddet	10
2.3.	Sysseletsetting i oppdrettsnøringa	11
3.	FISKEFLATEN	
3.1.	Merkeregisteret	12
3.2.	Konsesjonsbildet for kommunane	14
3.3.	Likviditetssituasjonen i fiskeflåten	15
4.	FOREDLIGSLEDDET	
4.1.	Fiskebedriftene	16
4.2.	Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling	17
5.	FISKEOPPDRETT/ AKVAKULTUR	
5.1.	Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)	20
5.2.	Oppdrett av andre marine fiskearter og skjell- dyrking	22
6.	LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER	
6.1.	Statens Fiskarbank	23
6.2.	Andre låne- og finansieringskjelder	24
7.	TILTAKSPLANAR/ TILTAKSIDEAR	
7.1.	Fiskeflåten	25
7.2.	Foredlingsleddet	25
7.3.	Akvakultur	26
7.4.	Fiskerihamneplan	26
7.5.	Andre mål	26
	VEDLEGG	
1.	Kartspesifikasjonar	

1. RETTLEDNINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON

1.1. Fiskerikontoret

Haram er kontorkommunen til fiskerirettleiaren. Den 1. september flytta vi inn i eit større og meir tidsmessig kontorlokale i Hildre Fiskevegnfabrik A/S sitt forretningsbygg i Brattvåg. Kontorutstyr og inventar forefinnes stort sett i naudsynt omfang på kontoret.

1.2. Personalet

Fast bemanning ved fiskerikontoret er kun fiskerirettleiar. Olav Johan Flaa var i meldingsåret fast ansatt som fiskerirettleiar. Frå 1. oktober var Lena Karin Rørvik ansatt som kontormedarbeider under ordningen "Arbeid for trygd".

Retningsgivande for kontorets verksemd er instruks for fiskerirettleiar, fastsatt i medhold av lov nr. 42 av 11. juni 1982 om rettleiingstjenesta i fiskerieringa.

1.3. Korrespondanse

Av brevjournalen for inn- og utgåande skriv for fiskerikontoret i Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes framgår følgjande antalsfordeling dei siste 3 år:

År	1987	%-vis	1988	%-vis	1989	%-vis
Ant. inng. skriv	330	38	292	39	440	49
Ant. utg. skriv	520	62	455	61	460	51
Ant. totalt	850	100	747	100	900	100

I meldingsåret var antal utgåande skriv 460 stk., d.v.s 51% av den totale mengde inn- og utgåande skriv.

1.4. Rettleiing og informasjon

Ein registrerer at det stadig er behov for veiledning og informasjon til næringa sine utøvere.

1.5. Møteverksemd/viktige prosjekter

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret hatt ein god del møteverksemd, både i og utanfor tenestedistriktet. Ein kan her eksempelvis nemne:

- Deltakelse i årsmøter til Sunnmøre Fiskarlag, Romsdal Fiskarlag og Grytestranda Fiskarlag.
- Kontakt- og informasjonsmøter for rettleiingstenesta i Møre og Romsdal på Håholmen og i Ålesund/Søbø.
- Møte om fiskesjukdomar (furunkolosemøte i Ålesund).
- Møte vedr. gjennomføring av plan for smittehygieniske soner i Møre og Romsdal.
- Havbruksseminar i Ålesund.
- Havbruksmessen Aqua Nør '89 i Trondheim.

Av relativt store og viktige prosjekter i distriktet som har engasjert fiskerirettleiaren i meldingsåret, kan ein til dømes nemne:

- Inspeksjon av matfisk- og settefiskanlegg.
- Arbeid i samband med "Plan for smittehygieniske soner i Møre og Romsdal".
- Budsjettnemnda for fiskerinæringa - småbåtundersøkelsen 1989.
- Regulering av fisket etter torsk med konvensjonelle redskap i 1990.
- Gjeldssanerings- og refinansieringsopplegg for fiskefarty med økonomiske problemer.

1.6 Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteer

Merkelovens tilsynsmann

I henhold til instruks for fiskerirettleiare paragraf 6, skal fiskerirettleiaren inneha stillinga som merkelovens tilsynsmann. For tida fungerer fiskerirettleiaren som merkelovens tilsynsmann i kontorkommunen, d.v.s. i Haram, samt kommunene Vestnes og Rauma. Arbeidet består i å holde merkeregisteret ajour, skrive ut merkebrev til fartøyeigare, foreta endringer i merkeregisteret og ekspedere dette vidare til Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

Fiskarmanntalsnemnda

I henhold til instruks for fiskerirettleiare paragraf 2, skal fiskerirettleiaren føre manntalet for fiskare og fangstmenn m.v. i kontorkommunen, samt andre deler av tenestedistriktet der dette blir bestemt. For tida fungerer fiskerirettleiaren som manntalsfører for distrikts-kommunene Haram, Skodje og Ørskog. Vestnes kommune har eigen manntalsfører.

1.7. Fiskerinemnder

Dei sittande fiskerinemndene er vald for perioden 1988-1991, og består av følgjande medlemmer og varamedlemmer i kontorkommunen:

Haram fiskerinemnd

Leiar:	Sigmund Flem	6293	Longva
Nestleiar:	Helge Holmeseth	6265	Vatne
Medlem:	Sebjørn Vestre	6270	Brattvåg
Medlem:	Steinar Kjerstad	6292	Kjerstad
Medlem:	Hans P. Tomren	6290	Haramsøy

Varamedlemmer:	Eilert Volstad	6280	Søvik
	Oddvar Urkedal	6265	Vatne
	Gudmund Fjertoft	6294	Fjertoft
	Sivert Fjertoft	6294	Fjertoft
	Peter Alf Eik	6265	Vatne

I dei øvrige kommunene i distriktet er medlemene i fiskerinemndene lista opp slik:

Felles fiskerinemnd - Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal

Leiar:	Helmar Vik	6260	Skodje
Nestleiar:	Steinar Leganger	6240	Sjøholt
Medlem:	Kjell Andre Urke	6260	Skodje
Medlem:	Vidar Hareide	6215	Eidsdal
Medlem:	Norma Rødset	6250	Stordal

Felles fiskerinemnd - Vestnes og Rauma

Leiar:	Olav H. Aas	6390	Vestnes
Nestleiar:	Rolf Larsen	6393	Tomrefjord
Medlem:	Grete Eik	6394	Fiksdal
Medlem:	Per G. Voldset	6386	Måndalen
Medlem:	Olav O. Talberg	6387	Vågstranda

Fiskerinemnda si verksemd er bestemt i lov om rettleiings-
tenesten som trådte i kraft 11. juni 1982. Saker som har å gjere
med Statens Fiskarbank er underlagt særlov.

1.8. Møteverksend i fiskerinemndene.

I Haram kommune er det halde 8 møter i fiskerinemnda i meldingsåret med ei samla møtetid på 31 og 1/2 timer. Totalt vart det handsama 42 saker og 95 referatsaker.

Felles fiskerinemnd for Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal har halde eitt møte med ei samla møtetid på 2 og 1/2 timer. Totalt vart det handsama 2 saker og 6 referatsaker.

Fiskerinemnda for Vestnes og Rauma har i meldingsåret halde 2 møter med total møtetid på 4 og 1/2 timer. Totalt vart det handsama 5 saker og 9 referatsaker.

Det har vore ein reduksjon i antal saker som er handsama på fiskerinemndmøter i 1989 samanlikna med føregåande år. Medan den administrative handsaminga av saker har auka.

2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

2.1. Sysseissetting i fisket

Fiskarmanntalet brukes som indikator på sysselsettinga innan fisket. Fiskarmanntalet omfatter personar som driv sjøfiske, kval- eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuertar, maskinistar m.v.

Reglane for oppsett av fiskarmanntalet er endra etter lov av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa. Forskrifter fastsatt 26. september 1983 av Fiskeridepartementet set bestemte krav til tid i fiske og til minimum inntekt frå fiske.

Manntalet skal vere organisert i to deler, blad A og blad B. Blad A skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som biyrke. Blad B skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudyrke.

Fiskarmanntalet

I nedanståande tabeller er fiskarmanntalet oppsett for kvar kommune i rettleiardistriktet og syner manntalsførde fiskarar fordelt på aldersgrupper og fiske eller fangst som levevei i tidsrommet 1987 til 1989. Tala referer til 31.12. kvart år.

Tabell 2.1: Fiskarmanntalet i Haram kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1987 til 1989.

Ar	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Total
87	Blad A			3	1	5	32	18	59
	Blad B	43	148	98	65	41	26	1	422
	Totalt	43	148	101	66	46	58	19	481
88	Blad A			2	2	5	27	23	59
	Blad B	36	143	85	68	45	29	1	407
	Totalt	36	143	87	70	50	56	24	466
89	Blad A				2	4	24	30	60
	Blad B	40	128	94	67	43	29		401
	Totalt	40	128	94	69	47	53	30	461

Kommentarer

Som det går fram av tabell 2.1. har talet på manntalsførde fiskarar vore ganske stabilt dei siste 2 åra.

Av det totale talet på manntalsførde fiskarar i 1989 er 36,4 % under 30 år i Haram kommune.

Tabell 2.1.1: Fiskarmanntalet i Skodje kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1987 til 1989.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
87	Blad A				1	1	2	1	5
	Blad B	2	19	10	3	5			39
	Totalt	2	19	10	4	6	2	1	44
88	Blad A				1	1		2	4
	Blad B	2	12	12	3	5			34
	Totalt	2	12	12	4	6		2	38
89	Blad A				1	1		2	4
	Blad B	1	14	12	2	4	1		34
	Totalt	1	14	12	3	5	1	2	38

I Skodje kommune har talet på manntalsførde fiskarar vore stabilt dei siste 2 åra. Av alle manntalsførde fiskarar i 1989 er heile 39,5 % under 30 år.

Tabell 2.1.3: Fiskarmanntalet i Vestnes kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1987 til 1989.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
87	Blad A				1	2	3	5	11
	Blad B	18	59	17	11	8			113
	Totalt	18	59	17	12	10	3	5	124
88	Blad A		1			2	4	4	11
	Blad B	21	57	23	8	7	2		118
	Totalt	21	58	23	8	9	6	4	129
89	Blad A			1		2	5	2	10
	Blad B	22	62	26	7	6	2		125
	Totalt	22	62	27	7	8	7	2	135

Dei siste tre åra har det vore ei jamn auke i antal fiskarar i Vestnes. Talet på manntalsførde fiskarar under 30 år utgjorde i meldingsåret 62,2 % totalt sett.

I Ørskog kommune er det berre registrert eit lite antal fiskarar.

Til saman var det 6 manntalsførde fiskarar i meldingsåret, og det har vore lita endring dei siste åra.

2.2. Sysselsetting i foredlingsleddet

Tabell 2.2: Sysselsetting i foredlingsleddet i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
87	50	25	75	9	15	24	54	33	87
88	40	19	59	6	11	17	44	25	69
89	39	19	58	5	13	18	41	27	68

I begrepet heltidstilsette regnes personar som er i arbeid ved eit av kommunens foredlingsanlegg i minst 10 mdr. pr. år. Arbeidsfritt som følgje av produksjonsstopp regnes ikkje som fradrag i denne samanheng.

Siste året er det 7 foredlingsanlegg som var i drift. Sysselsettinga innan foredlingsleddet utgjer 68 årsverk i 1989. Det har ikkje vore større endring i det totale antal årsverk samanlikna med 1988.

Reduksjonen i sysselsettinga i tidsrommet 1987 til 1988 skuldast nedlegging av ein bedrift.

2.3. Sysselsetting i oppdrettsnæringa

Tabell 2.3: Sysselsetting i oppdrettsnæringa i Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
88	22		22	17	17	34	26	5	31
89	21		21	12	17	29	24	7	31

Oppdrettsnæringa i dette distriktet sysselsatte i 1989 i alt 50 personar på heil- og deltid, noko som tilsvarear ca. 31 årsverk.

Antal sysselsatte i oppdrettsnæringa har vore stabilt dei siste 2 åra.

3. FISKEFLÅTEN

3.1. Merkeregisteret

Tabell 3.1: Merkerregisteret pr. 31.12.89 i Haram.

Lengde i meter	Antal fartøy			
	Status 01.01.	Avgang	Tilgang	Status 31.12.
0,00 - 4,99	1	0	0	1
5,00 - 9,99	35	6	2	31
10,00 - 14,99	18	1	1	18
15,00 - 19,99	4	2	0	2
20,00 - 29,99	4	3	1	1
30,00 - over	22	2	2	23
Totalt	84	14	6	76

Tabell 3.1.2: Fiskeflåten i Haram - aldersfordeling.

Lengde i meter	Totalt	Byggear					Uoppgitt
		00-50	50-59	60-69	70-79	80-89	
0,00 - 4,99	1	0	1	0	0	0	
5,00 - 9,99	31	1	2	1	12	15	
10,00 - 14,99	18	3	3	1	8	2	1
15,00 - 19,99	2	1	0	0	0	1	
20,00 - 29,99	1	0	0	0	0	1	
30,00 - over	23	0	2	6	8	7	
Totalt	76	5	8	8	28	26	1

Kommentarer til fartøyutviklinga.

Haram:

Som det framgår av tabell 3.1. er det i Haram pr. 31.12.89 registrert i alt 76 fartøy. Dette er 8 fartøy mindre enn det som vart registrert pr. 31.12.88.

Tilnærmet 58 % av fiskeflåten består av fartøy i storleiksgruppene over 10 meter og er omtrent same %-vis fordelig som året før.

Når det gjeld aldersfordeliga, er heile 71 % av fiskeflåten bygd etter 1970.

Fiskeflåtens standard og alderssamansetning har utvikla seg i positiv retning dei siste 3 åra.

Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma:

Det har ikkje skjedd større endringer i flåtestrukturen i dei øvrige kommunane i distriktet dette året.

I Skodje var det pr. 31.12. registrert i alt 13 fartøy. Dette er 1 fartøy mindre enn året før. Samtlege av fartøya var "sjarker" under 10 meter lengde. 62 % av fartøya var bygd etter 1970.

I Ørskog var det pr. 31.12. registrert i alt 11 fartøy. Dette er 1 fartøy mindre enn året før. Samtlige av fartøya var under 10 meter lengde. 36 % av fartøya var bygd etter 1970.

I Vestnes var det pr. 31.12. registrert i alt 22 fartøy, og dette er 2 fartøy mindre enn året før. 19 av fartøya var under 10 meter lengde og 50 % var bygd etter 1970.

I Rauma var det pr. 31.12. registrert i alt 8 fartøy og samtlige av desse var "sjarker" under 10 meter lengde. Heile 88 % av fartøya var bygd etter 1970.

3.2. Konsesjonsbildet for kommunane

Tabell 3.2: Kommunevis fordeling av konsesjonar og fiskeløyve i distriktet pr. 31.12.89.
Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommune	TORS	VASS	INDU	REKE	RING	LODD	KOLM	SNUR	BRIS	SUM
Haram	4	3	5	2	3	4	3			24
Skodje										
Ørskog										
Vestnes										
Rauma										
Totalt	4	3	5	2	3	4	3			24

TORS: torskestrålkonsesjon

VASS: løyve til å drive trålfiske etter vassild

INDU: industristrålkonsesjon

LODD: løyve til trålfiske etter lodde og polartorsk

KOLM: løyve til avgrensa tråling etter kolmule

REKE: rekekonsesjon

RING: ringnotkonsesjon

BRIS: brislingløyve

SNUR: snurrevad

Kommentarer til konsesjonane.

Av tabellen ser ein at i Haram kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 24 konsesjonar. Det er i alt 14 fiskefarty som har desse konsesjonane.

Dei øvrige kommunane i distriktet har ikkje fiskekonsesjonar.

3.3. Likviditetssituasjonen i fiskeflåten

Generelt kan ein si at likviditetssituasjonen for distriktets fiskeflåte har utvikla seg i negativ retning dei siste to åra.

Det siste året har imidlertid den vanskelege likviditetssituasjonen gjort seg gjeldande innanfor stort sett alle typer fiskebåtar. Og særleg vanskeleg er situasjonen blitt for banklineflåten.

Den vanskelege situasjonen i fiskeflåten kan best beskrives ved at det i meldingsåret kom inn 12 søknader om betalingsutsettelse på lån i Statens Fiskarbank, og at det no ofte blir søkt om både avdrags- og renteutsettelse.

I tillegg til dei 12 søknadane om betalingsutsettelse låg det føre 8 søknader om likviditetslån/ -tilskott og gjeldssanering.

Det er vidare kjent at 3 større båtar med fiskekonsesjonar blei teke under konkursbehandlig og seld ut av Møre og Romsdal i meldingsåret.

4. FOREDLINGSLEDDET

4.1. Fiskebedriftene

Tabell 4.1: Antall tilverkningsverksemder (landanlegg) i 1988 og 1989.

Kommune	År	Total	Filet Frys	Tørrfisk	Saltfisk	Klippfisk	Sildolje Mjøl	Reke
Haram	88	7	6	5	7	4	-	-
Haram	89	7	6	5	7	4	-	-
Skodje	88	1	1	-	-	-	-	-
Skodje	89	1	1	-	-	-	-	-

Som tabellen viser er det i alt 7 fiskeforedlingsanlegg i Haram, og 1 anlegg i Skodje. Av disse er 3 anlegg tilknyttet oppdrettsverksemd.

Bedriftene i distriktet er lokalisert slik:

Brattvåg: Rognes Fisk, adr. Brattvåg
Hellandshamn: Gjendemsjø Fiskeprodukter A/S, adr. Hellandshamn
Grytestranda: Grytestranda Fiskeindustri A/S, adr. Vatne
Ingolf Engeset A/S, adr. Vatne
Lepsøy: Lepsøy Fiskeindustri A/S, adr. Kjerstad
Fjertoft: Arne O. Fjertoft, adr. Fjertoft
Flemsøy: Karsten Flem, adr. Longva - og til slutt
Stette i Skodje: Stettefisk A/S (matfisk), adr. Skodje

4.2. Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling

Tabell 4.2: Ilandført kvantum bunnfisk i Haram kommune. Kvanta i tonn rund vekt.

År	Torsk	Sei	Hyse	Lange/Brosme	Annet	Totalt
1987	4.969	3.651	438	2.540	140	11.739
1988	3.012	2.994	648	2.155	660	9.469
1989	1.500	2.594	449	3.969	1.675	10.187

Tabell 4.2.1: Anvendelse av råstoff i Haram kommune. Kvanta i tonn rund vekt.

År	Anvendelse				
	Fersk	Frys.	Salt.	Heng.	Annet
1987	964	7.334	3.442	-	-
1988	757	5.857	2.855	-	-
1989	1.014	4.756	4.182	-	234

Kjelde: Fiskeridirektoratet

Kommentarer

Bunnfisk

Av tabell 4.2. ser ein at dei totale leveransane av bunnfisk auka ein del i 1989 i høve til i 1988.

Dersom ein tek føre seg dei einiskilde fiskeslag kan ein registrere følgjande utvikling i meldingsåret:

Leveransane av torsk minka i 1989 med heile 50 %.

Torskekvanteret utgjorde i 1989 ca. 15 % av det totale kvantum mot ca. 31 % året før.

For det ilandførte kvantum sei viser tala ein mindre nedgang i høve til i 1988. Seien utgjorde i 1989 ca. 25 % av det totale kvantum mot ca. 32 % året før.

For årets hyskvanteret finn ein og ein nedgang. Hysa utgjorde 4,2 % av det totale kvantum i 1989 mot 6,8 % året før.

Leveransane av fiskeslaga lange og brosme viser imidlertid ein auke i kvantum på heile 84 % samanlikna med året før. Desse fiskeslaga utgjorde i 1989 ca. 39 % av det totale kvantum mot ca. 23 % i 1988.

Ilandført kvantum av andre fiskeslag viser ein sterk auke (ca. 154 %) i meldingsåret. Dette skuldast særleg auke i leveransane av blåkveite og uer.

Andre fiskeslag utgjør nå ca. 16 % av det totale kvantum mot 7 % i fjor.

Når det gjeld bedriftane sin produksjon og anvendelse av fangstane kan det i meldingsåret registrerast at 10 % av råstoffet gjekk til fersk anvendelse. 46,7 % vert frosen og 41 % gjekk til salting. Resten av råstoffet (2,3 %) vart produsert til mjøl og olje.

I 1988 var anvendelsen av råstoffet fordelt %-vis slik: Fersk anvendelse 8 %, frysing 62 % og salting 30 %.

Skaldyr

I 1989 er det ilandført totalt 554 tonn skaldyr, vesentleg reke. Medan det i 1988 vart ilandført 393 tonn. Dette er ein auke på ca. 40 % samanlikna med året før.

Pelagisk fisk

Samla kvantum silderåstoff i Haram kommune auka frå 1.876 tonn i 1988 til 2.014 tonn i 1989. Dette svarar til ei prosentvis auke på ca. 7 % i meldingsåret.

Det ilandførte kvantum silderåstoff består hovudsakleg av makrell.

I kommunane Skodje, Ørskog og Vestnes er det relativt liten fiskeriaktivitet i "tradisjonell betydning" både når det gjeld ilandført fiskefangst og tilvirkingsverksemd på land. Kommunane er difor utelatt i årsmeldinga i denne samanheng.

5. FISKEOPPDRETT/ AKVAKULTUR

5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)

Tabell 5.1: Matfiskkonsesjonar 31.12.89.

Kommune	Antal	Oppdrettsvolum (m ³)	Auke i oppdrettsvolum frå 01.01.89 til 31.12.89
Haram	3	32.000	8.000
Skodje	2	26.000	4.000
Ørskog	1	12.000	4.000
Vestnes			
Totalt	6	70.000	16.000

Tabell 5.1.1: Konsesjonar for settefisk (smolt) 31.12.89.

Kommune	Antal	Kapasitet settefisk x 1.000 stk.	Auke frå 01.01.89 til 31.12.89
Haram	2	515	15
Skodje	1	150	
Ørskog	1	1.000	-150
Vestnes	1	1.000	
Totalt	5	2.665	-135

I meldingsåret var ein konsesjon for settefisk sletta i konsesjonsregisteret, medan ein konsesjon som ikkje har vore med tidlegare er kome i tillegg.

Kommentarer

Ved utgangen av 1989 var det i alt 11 oppdrettskonsesjoner i distriktets kommuner, 6 for matfiskoppdrett og 5 for settefisk.

Desse konsesjonane er lokalisert slik:

Matfisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S (tidl. Br. Aarsæther A/S), Vestrefjorden, v/Eik
2. A/S Sølvfisk, Longvafjorden, Haramsøy
3. A/S Glادلaks, Fjertoftfjorden, Fjertoft
Skodje: 4. Mauren Laks A/S, Mauren, Skodje, midlertidlig v/Lorgja/Grytafj. i Alesund
5. Marius Eikremsvik A/S, Stettevika, Skodje, tilleggslok. v/Gudmundset
Ørskog: 6. Oppdrettslaks A/S, Ørskogvika, Sjøholt, tilleggslok. Grytafjorden i Haram

Settefisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S (tidl. Br. Aarsæther A/S), Vestrefjorden, v/Eik
2. Anne Kristin Drønnesund Tettli, Alvestadbukta, v/ Sotåa
Skodje: 3. Glomset Fiskeoppdrett A/S, Honningdalsvågen, v/Glomset
Ørskog: 4. Vakså Settefisk A/S, Storfjorden, v/Vaksvik
Vestnes: 5. Sætre Settefisk A/S, Tresfjorden, v/Daugstad

Alle matfiskanlegga har hatt full produksjon i meldingsåret, og det rapporteres frå matfiskprodusentane at lønsemda har vore brukbar.

Av dei 5 settefiskanlegga i distriktets kommuner var det 3 anlegg som hadde produksjon i meldingsåret. To anlegg er framleis ikkje igangsatt grunnet overproduksjon av settefisk i marknaden.

Dersom anlegga ikkje kjem i gang innan 2-årsfristen, jfr. konsesjonsvilkåra, blir konsesjonane sletta i konsesjonsregisteret.

5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjelldyrking

Tabell 5.2: Konsesjoner for andre marine fiskearter og skalldyr fordelt på kommuner pr. 31.12.89.

Kommune	Andre marine fiskearter					Skalldyr		
	Ant.	Torsk	Kveite/ piggvar	Sjørøye	Ål	Volum (m ³)	Ant.	Areal (dekar)
Haram	9	2	6	1		31.000	9	36
Skodje								
Ørskog	1				1	1.000	1	1,5
Vestnes								
Totalt	10	2	6	1	1	32.000	10	37,5

Ved utgangen av 1989 var det i alt 10 konsesjoner for oppdrett av andre marine fiskearter enn laks og aure, og samla oppdrettsvolum var på 32.000 m³. Berre to av anlegga var i drift i meldingsåret, eit anlegg for oppdrett av ål og eit anlegg som driv forsøk med oppdrett av kveite.

Når det gjeld oppdrett av skalldyr så var det i 1989 i alt 10 konsesjonar mot 20 stk. året før. Den kraftige reduksjonen av skalldyrkonsesjonar skyldast tidsbegrensning på 2 år.

Det er ikkje registrert leveransar av større parti skjell for salg.

6. LANE- OG FINANSIERINGSKJELDER

6.1. Statens Fiskarbank

Tabell 6.1: Omsøkte og innvilga lån i perioden 1987 - 1989
(1.000 kr).

1) Omsøkte lån:

Kommune	År	Ant.	Fartøy	Ant.	Reds.lån	Ant.	Tilv.anl.	Ant.	Totalt
Haram	87	15	176.407	2	1.813	2	2.240	19	180.460
	88	22	108.847	2	1.487			24	110.334
	89	20	28.550	2	400			22	28.950

Vestnes	87								
	88	2	350	1	175			3	525
	89	5	3.360					5	3.360

2) Innvilga lån:

Kommune	År	Ant.	Fartøy	Ant.	Reds.lån	Ant.	Tilv.anl.	Ant.	Totalt
Haram	87	12	10.733	1	600	1	500	14	11.833
	88	10	43.308	1	1.267			11	44.575
	89	10	10.425					10	10.425

Vestnes	87								
	88	2	300					2	300
	89	1	900					1	900

Kjelde: Statens Fiskarbank

Tabellen syner: 1. Antal registrerte søknadsbeløp - nye lån og overføringer for årene 1987, 1988 og 1989.
2. Innvilga lån og overføringer for dei same år.

I perioden 1987 - 1989 er det ingen søknader registrert for kommunane Skodje og Ørskog.

Kommentarer

Omsøkte lån i Statens Fiskarbank utgjorde ved utgangen av meldingsåret totalt 32,3 mill. kroner, og det er ca. 77,5 mill. kroner mindre enn året før.

Innvilgelsesgraden i % var i meldingsåret ca. 35 % mot ca. 40 % året før.

I meldingsåret er det ikkje innkome søknader om lån til nybygg. Når det gjeld antal lånesøknader om nybygg dei siste 3 åra har ein registrert følgjande fordeling:

1987; 4 søknader
1988; 2 søknader
1989; ingen søknader

Ein kan dermed slå fast at investeringslysten blant fiskarane i distriktet er kraftig redusert dei siste 3 åra når det gjeld nybygg.

6.2. Andre låne- og finansieringskielder

Utover søknader til Statens Fiskarbank er det ikkje innkome søknader til andre finansieringsinstitusjonar for handsaming i fiskerinemndene.

7. TILTAKSPLANAR/ TILTAKSIDEAR

I dette kapitlet vil ein presentere/ liste opp i stikkordsform aktuelle tiltak/ prosjekter som blir vurdert som viktige for fiskerinæringa i dette distriktet.

7.1. Fiskeflåten

1. Sikkerhetsoppløring for fiskere - arbeide aktivt for å få flest mogleg fiskere til å delta på kursa som arrangeres.
2. Tilskotsordningar for fiskebåtar - spre informasjon om kondemneringsordningar m.v. som styresmaktene har sett i verk for å få til ein reduksjon av fangstkapasiteten i fiskeflåten.
3. Rederikvoter - støtte rederier som eig fartøy med tråltillatelse til å inngå avtale om samanslåing eller samarbeid, slik at tildelt kvote kan overføres og fiskes av anna fartøy tilhøyrande same rederi.
4. Fiske på fjerne farvatn - vere til hjelp for farty som ønskjer å starte fiske på fjerne farvatn.

7.2. Foredlingsleddet

1. Leveransen av råstoff - bidra til å få jamne råstoffleveransar til anlegga.
2. Modernisering av foredligsanlegga slik at dei kan ta imot råstoffleveransar frå kystflåten i distriktet.
3. Strukturtiltak - gi rettleiing og informasjon til fiskebedrifter som p.g.a. råstoffsituasjonen ønskjer å benytte seg av tilbud om strukturmidlar for omstilling til annan næringsverksemd.
4. Marked - arbeide aktivt for å finne marked for særskilte fiskeprodukter.

7.3. Akvakultur

1. Plan for smittehygieniske soner i Møre og Romsdal - bidra til at oppdrettarane får lokalitetar slik at planen kan gjennomførast så snart som mogleg, helst innan 1990.
2. Satsing og vidareutvikling av oppdrettsnæringa i distriktet.

I dette arbeidet inngår bl.a. planar om etablering av matfiskanlegg i Vestnes kommune, satsing på oppdrett av marine arter, som til dømes kveite, torsk og steinbit.

7.4. Fiskerihamneplan

1. Fiskerihamner - vidare utbygging av Austnes fiskerihamn.
Utdjuping (mudring) av Søvik hamn.
Fiskerikaier - utbygging av fiskerikai på Fjertoft.

7.5. Andre mål

1. Kystsoneplan.


I den siste tida har ein registrert konflikter i samband med auka bruk av sjøareal. Det vil difor vere ein fordel at det utarbeides ein kystsoneplan i næraste framtid.

V E D L E G G 1


Kart over:

Haram
Vestnes
Skodje
Ørskog

HARAM KOMMUNE




---: Kommunegrense



H A R A M K O M M U N E

Etablerte anlegg for matfisk (M)
og settefisk. (S) pr. 31.12.89

1. Sølvfisk A/S
2. Gladlaks A/S
3. Vestrefjord Fisk A/S




V E S T N E S K O M M U N E

- - - : Kommunegrense
- S : Settefiskanlegg



- - - : Kommunegrense
- M : Matfiskanlegg
- S : Settefiskanlegg



SKODJE KOMMUNE

ØRSKOG KOMMUNE

Målestokk 1:50 000

--- : Kommunegrense

